<i>Avvik mellom investeringsplanar og finansielt grunnlag</i>	<i>162 113</i>	<i>6 280</i>	<i>9 448</i>	<i>78 893</i>	<i>145 874</i>
<i>Akkumulert avvik investeringsplan og finansielt grunnlag</i>	<i>(108 300)</i>	<i>(102 020)</i>	<i>(92 572)</i>	<i>(13 679)</i>	<i>132 194</i>

Utbyggingsprosjektet «nytt sjukehus» er omfattande og bakgrunnen for utbygging er at føretaket har knappe og dårlig tilpassa bygningsareal der det ikkje er rom for den aktivitetsveksten som vil komme.

Investeringsbehovet for MTU er høgt i 2017 og 2018. Årsaka er investeringar i nytt tungt utstyr som intervensjons lab., MR, CT med meir. Føretaket har ikkje planlagd store utvidingar eller kapasitetsauke.

Under føresetnad av at Helse Stavanger leverer resultat i tråd med resultatkravet og at dei får lån frå staten og Helse Vest, har dei eit samla finansielt grunnlag for investeringane slik det er planlagt i langtidsbudsjettet fram til 2027. Dei er likevel ein periode frå 2021 og fram til 2020 der det finansielle grunnlaget negativt og det er såleis behov for å sjå nærmare på korleis dette skal bli handtert.

Ein framskriving av balansen til føretaket viser følgjande utvikling basert på dei føresetnadane som her er lagt til grunn (tal i heile mill. kroner):

Balansen (tal i heile mill. kroner)	2016	2017	2018	2019	2020	2021	2022
Immatrielle eiendeler	1	1	1	1	1	1	1
Varige driftsmidler	2 665	2 823	3 178	4 028	5 685	8 032	9 659
finansielle anleggsmidler	659	659	659	659	659	659	659
Omløpsmidler	997	1 121	993	894	1 070	803	576
Sum eiendeler	4 322	4 604	4 831	5 583	7 416	9 495	10 895
Egenkapital	2 439	2 519	2 649	2 799	2 975	3 168	3 403
Avsetning og forpliktelser	154	154	154	154	154	154	154
Langsiktig gjeld	571	773	870	1 472	3 129	5 015	6 180
Kortsiktig gjeld	1 158	1 158	1 158	1 158	1 158	1 158	1 158
Sum egenkapital og gjeld	4 322	4 604	4 831	5 583	7 416	9 495	10 895
Nøkkeltall:							
Egenkapital%	56,4 %	54,7 %	54,8 %	50,1 %	40,1 %	33,4 %	31,2 %
Gjeldsgrad	0,77	0,83	0,82	0,99	1,49	2,00	2,20

Balansen (tal i heile mill. kroner)	2023	2024	2025	2026	2027	2028
Immatrielle eiendeler	1	1	1	1	1	1
Varige driftsmidler	10 145	9 948	9 644	9 356	9 030	9 030
finansielle anleggsmidler	659	659	659	659	659	659
Omløpsmidler	738	745	754	833	979	979
Sum eiendeler	11 544	11 353	11 059	10 850	10 669	10 669
Egenkapital	3 688	3 630	3 650	3 754	3 882	3 882
Avsetning og forpliktelser	154	154	154	154	154	154
Langsiktig gjeld	6 544	6 411	6 097	5 783	5 475	5 475
Kortsiktig gjeld	1 158	1 158	1 158	1 158	1 158	1 158
Sum egenkapital og gjeld	11 544	11 353	11 059	10 850	10 669	10 669
Nøkkeltall:						
Egenkapital%	31,9 %	32,0 %	33,0 %	34,6 %	36,4 %	36,4 %
Gjeldsgrad	2,13	2,13	2,03	1,89	1,75	1,75

Som følge av det høge investeringsnivået og auka gjeld, vil samla gjeldsgrad auke og passere 2 på det høgaste. Føretaket vil naturlig nok ha ein høg risiko knytt til renteendringar. Det vil derfor vere særskilt viktig at føretaket i tillegg til dei gevinstane dei allereie har planlagt å ta ut knytt til sjukehusprosjektet, og innarbeider ein buffer for å handtere renterisiko.

## 2. Helse Fonna

Helse Fonna sitt finansielle grunnlag i langtidsbudsjettet kjem fram som følgjer:

### Kontantstrøm til å dekke investeringar:

Beløp i heile tusen kroner	2017	2018	2019	2020	2021	2022
Resultat til styrking av finansieringsgrunnlaget	40 000	40 000	50 000	55 000	4 457	-6 938
+ Avskrivning/nedskrivning	130 339	127 702	126 753	125 690	168 279	183 513
= Kontantstrøm fra driften	170 339	167 702	176 753	180 690	172 735	176 575
- Resultatavvik 2016	14 603					
+ Nedskrivning 2016	1 638					
+ Opptak av nye lån	0	196 512	449 577	611 685	72 402	0
- Avdrag lån	-15 085	-15 085	-15 085	-15 085	-65 396	-68 292
- Tilførsel av likviditet til Helse Vest IKT	-8 863					
+ Salg av anleggsmidler	42					
+ Gaver	0					
+/-Overføring av likviditet fra 2015	178 218					
+/- annet		0	0	0	0	0
Finansieringsgrunnlag investeringar	340 893	349 130	611 245	777 291	179 742	108 283

**Kontantstrøm til å dekke investeringar:**

Beløp i heile tusen kroner	Utvidet LTB periode ved store investeringer				
	2023	2024	2025	2026	2027
Resultat til styrking av finansieringsgrunnlaget	-10 228	-11 037	-10 359	-6 119	-5 078
+ Avskrivning/nedskrivning	189 248	192 496	194 219	192 319	193 534
= Kontantstrøm fra driften	179 020	181 459	183 859	186 201	188 455
- Resultatavvik 2016					
+ Nedskrivning 2016					
+ Opptak av nye lån	0	0	0	0	0
- Avdrag lån	-68 292	-66 909	-64 587	-60 675	-59 476
- Tilførsel av likviditet til Helse Vest IKT					
+ Salg av anleggsmidler					
+ Gaver					
+/-Overføring av likviditet fra 2015					
+/- annet	0	0	0	0	0
Finansieringsgrunnlag investeringar	110 728	114 550	119 272	125 525	128 980

Helse Fonna hadde i 2016 eit positivt resultatavvik på om lag kr 15 mill. Dette auke investeringsevna i 2017 tilsvarande.

I 2018 til 2023 har Helse Fonna lagt inn sjukehusutbyggingsprosjekt på til saman kr 1,8 mrd. men ein føresetnad om 70 % lån frå staten på kr 1,3 mrd. Lånet er føresett utbetalt i perioden 2018 til 2021. Dette er eit forhold som må avklarast nærare i forbindelse med behandling og godkjenning av lån hos Staten.

Helse Fonna har med bakgrunn i det finansielle grunnlaget utarbeid følgjande investeringsplan:

**Investeringar (må spesifiseras i eget ark):**

Beløp i heile tusen kroner	2017	2018	2019	2020	2021	2022
Bygg - tilgjengelig ramme	116 424	244 454	520 622	697 531	364 233	89 411
Medisinteknisk utstyr	40 000	30 000	30 000	30 000	30 000	30 000
Anna	11 200	10 000	10 000	10 000	10 000	10 000
Sum investeringar	167 624	284 454	560 622	737 531	404 233	129 411

*Avvik mellom investeringsplanar og finansielt grunnlag*

173 269      64 676      50 623      39 760      (224 490)      (21 127)

*Akkumulert avvik investeringsplan og finansielt grunnlag*

173 269      237 945      288 568      328 328      103 838      82 711

**Investeringar (må spesifiseras i eget ark):**

Beløp i heile tusen kroner	2023	2024	2025	2026	2027
Bygg - tilgjengelig ramme	40 779	35 000	35 000	35 000	35 000
Medisinteknisk utstyr	30 000	35 000	35 000	35 000	35 000
Anna	10 000	10 000	10 000	10 000	10 000
Sum investeringar	80 779	80 000	80 000	80 000	80 000

*Avvik mellom investeringsplanar og finansielt grunnlag*

29 949      34 550      39 272      45 525      48 980

*Akkumulert avvik investeringsplan og finansielt grunnlag*

112 660      147 210      186 482      232 007      280 987

Helse Fonna har utarbeida ein utviklingsplan som har synleggjort eit behov for utvida areal samt rehabilitering av eksisterande bygg. Første fase av utbyggingsprosjektet vil her utgjere kr 1,8 mrd. og er føresett gjennomført i perioden 2018 til 2020. I perioden 2021 til 2023 planlegg ein for ombygging av eksisterande bygg. Fase 2 av utbyggingsprosjektet vil først komme på eit seinare tidspunkt når føretaket har økonomisk og finansielt grunnlag til å gjennomføre prosjektet og berører såleis ikkje denne 10 års planen.

Gitt føresetnad om lånefinansiering slik Helse Fonna har lagt til grunn, og at føretaket klarer å levere eit resultat i tråd med resultatkravet, vil dei ha eit finansielt grunnlag til å gjennomføre investeringsplanen. Føretaket må jobbe vidare med å sikre eit tilstrekkeleg økonomisk resultat for å handtere investeringa og generell risiko. Dei må og gjere ei vurdering på kva som er tilstrekkeleg resultatnivå i framtida for å møte fase 2 i utbyggingsprosjektet.

Ein framskriving av balansen til føretaket viser følgjande utvikling basert på dei føresetnadane som her er lagt til grunn (tal i heile mill. kroner):

Balansen	2016	2017	2018	2019	2020	2021	2022
Immatrielle eiendeler	0	0	0	0	0	0	0
Varige driftsmidler	1 723	1 759	1 916	2 350	2 961	3 197	3 143
finansielle annlegsmidler	382	382	382	382	382	382	382
Omløpsmidler 1)	633	622	687	737	777	553	531
Sum eiendeler	2 738	2 763	2 984	3 468	4 120	4 132	4 056
Egenkapital	1 957	1 997	2 037	2 087	2 142	2 147	2 140
Avsetning og forpliktelser	55	55	55	55	55	55	55
Langsiktig gjeld	155	140	321	756	1 352	1 359	1 291
Kortsiktig gjeld 2)	571	571	571	571	571	571	571
Sum egenkapital og gjeld	2 738	2 763	2 984	3 468	4 120	4 132	4 056
Nøkkeltall:							
Egenkapital%	71,5 %	72,3 %	68,3 %	60,2 %	52,0 %	52,0 %	52,8 %
Gjeldsgrad	0,40	0,38	0,46	0,66	0,92	0,92	0,90

Balansen	2023	2024	2025	2026	2027
Immatrielle eiendeler	0	0	0	0	0
Varige driftsmidler	3 035	2 922	2 808	2 696	2 582
finansielle annlegsmidler	382	382	382	382	382
Omløpsmidler 1)	561	596	635	681	730
Sum eiendeler	3 978	3 900	3 825	3 758	3 694
Egenkapital	2 130	2 119	2 108	2 102	2 097
Avsetning og forpliktelser	55	55	55	55	55
Langsiktig gjeld	1 223	1 156	1 091	1 030	971
Kortsiktig gjeld 2)	571	571	571	571	571
Sum egenkapital og gjeld	3 978	3 900	3 825	3 758	3 694
Nøkkeltall:					
Egenkapital%	53,5 %	54,3 %	55,1 %	55,9 %	56,8 %
Gjeldsgrad	0,87	0,84	0,81	0,79	0,76

Som følgje av investeringsnivået og behovet for lånefinansiering, vil samla gjeldsgrad auke frå 0,4 til vel 0,9 på det høgaste for deretter å redusere seg gradvis ut over i 10 års perioden. Gitt at føretaket klarer å oppnå dei resultatmessige krava vil føretaket klare å handtere gjelda knytt til investeringane på ein relativt god måte. Men det er samstundes viktig å understreke at det er risiko både i forhold til å oppnå resultatnivået og ta ut gevinstane, i tillegg til at renteutviklinga kan gje ei ekstra utfordring.

### 3. Helse Bergen

Helse Bergen sitt finansielle grunnlag i langtidsbudsjettet kjem fram som følgjer:

### Kontantstrøm til å dekke investeringar:

Beløp i heile tusen kroner	2017	2018	2019	2020	2021	2022
Resultat til styrking av finansieringsgrunnlaget	160 000	150 000	180 000	200 000	200 000	200 000
+ Avskrivning/nedskrivning	485 000	530 000	536 000	524 000	526 000	549 000
= Kontantstrøm fra driften	645 000	680 000	716 000	724 000	726 000	749 000
- Resultatavvik 2016	6 000					
+ Nedskrivning 2016	5 000					
+ Opptak av nye lån	169 000	431 000	464 000	465 000	371 000	331 000
- Avdrag lån	-72 400	-115 100	-115 100	-115 100	-130 100	-137 100
- Tilførsel av likviditet til Helse Vest IKT	-24 000	-22 000	-15 000	-20 000	-20 000	-20 000
+ Salg av anleggsmidler	60 000					
+ Gaver	110 000					
+/-Overføring av likviditet fra 2016	-225 000					
Finansieringsgrunnlag investeringar	673 600	973 900	1 049 900	1 053 900	946 900	922 900

### Kontantstrøm til å dekke investeringar:

Beløp i heile tusen kroner	Utvidet LTB periode ved store investeringer				
	2023	2024	2025	2026	2027
Resultat til styrking av finansieringsgrunnlaget	190 000	100 000	100 000	100 000	100 000
+ Avskrivning/nedskrivning	556 000	650 000	657 000	657 000	657 000
= Kontantstrøm fra driften	746 000	750 000	757 000	757 000	757 000
- Resultatavvik 2016					
+ Nedskrivning 2016					
+ Opptak av nye lån	290 000	0	0		
- Avdrag lån	-137 100	-233 100	-233 100	-233 100	-233 100
- Tilførsel av likviditet til Helse Vest IKT	-20 000	-20 000	-20 000	-20 000	-20 000
+ Salg av anleggsmidler					
+ Gaver					
+/-Overføring av likviditet fra 2016					
Finansieringsgrunnlag investeringar	878 900	496 900	503 900	503 900	503 900

Føretaket hadde i 2016 eit resultat som var om lag kr 6 mill. betre enn budsjett. Dette er med å styrke det finansielle grunnlaget i 2017.

Opptak av lån i 2017 gjeld Barne- og ungdomssenteret på kr 75,8 mill. I tillegg har føretaket fått lån til oppgradering av sentralblokka ved Haukeland på kr 90 mill. i 2017. Det er og lagt inn føresetnad om internt lån frå Helse Vest i perioden 2017 til 2021 på totalt kr 131 mill. Det blir her vist til kommentarane under RHF-et.

Det er føresett følgjande lån i langtidsbudsjettet fordelt på dei enkelte åra:

Spesifikasjon av lån	2017	2018	2019	2020	2021	2022
BUSP	75 800	331 000	331 000	331 000	331 000	331 000
Sentralblokka	90 000	93 000	93 000	94 000		
Lån frå staten	165 800	424 000	424 000	425 000	331 000	331 000
Interne lån frå Helse Vest	4 000	7 000	40 000	40 000	40 000	
Sum lån	169 800	431 000	464 000	465 000	371 000	331 000

Som følgje av at Helse Bergen har eit relativt høgt investeringsnivå og opptak av lån kvart år, vil dei årlege avdraga auke ut over i planperioden. Dette vil spesielt gjere seg gjeldande når BUSP fase II er ferdig i 2024.

Det er vidare lagt inn ein føresetnad om sal av eigedom i 2017. Det er og lagt inn kr 110 mill. i tilskot frå eksterne gjevarar.

Helse Bergen har hatt god framdrift på investeringane i 2016 og låg derfor godt framfor planen og har derfor trekt ned likviditeten i 2017 med kr 225 mill. for å tilpasse seg det samla finansieringsgrunnlaget som er vedtatt i investeringsbudsjettet for 2016 og 2017.

Helse Bergen har med bakgrunn i det finansielle grunnlaget utarbeid ein investeringsplan som er som følgjer:

Beløp i heile tusen kroner	2017	2018	2019	2020	2021	2022	2023	2024	2025
<b>Bygg:</b>									
Barne- og ungd.psyk. trinn 1	312 235	0	0	0	0	0	0	0	0
Barne- og ungd.psyk. trinn 2	69 259	415 000	545 000	555 000	555 000	565 000	478 000	0	0
Mottaksklinikk	60 251	0	20 000	0	0	0	0	0	0
Traumesenter/Brannskadeintensiv	5 000	15 000	40 000	20 000	0	0	0	0	0
Poliklinikkavdeling i Sentralblokk	2 038	25 000	83 000	26 000	0	0	0	0	0
Areal 3tesla MR, 0 etg Sentralbl.	0	0	0	0	0	0	0	0	0
Sengeetasjene Sentralblokk	0	0	0	0	0	0	20 000	144 000	144 000
Marie Joys' hus	0	0	0	0	0	0	0	0	20 000
Ferdighetssenteret	0	0	0	0	0	0	0	0	0
Andre endringar Sentralblokken	8 746	0	0	0	0	0	0	0	0
Nordås	5 000	10 000	50 000	80 000	37 000	0	0	0	0
Øyebygget/KK	0	0	0	5 000	20 000	5 000	0	20 000	40 000
Nevrosenter	0	0	20 000	60 000	100 000	10 000	0	0	0
Proton (Konseptutvikling)	2 000	0	50 000	0	0	0	0	0	0
KiH	0	0	10 000	10 000	25 000	25 000	0	0	0
Utvikling Voss (føreset samla plan)	0	11 000	2 000	0	0	0	0	0	0
Dr.Martens/Molbakken	0	0	0	0	0	0	0	0	0
Utvikling Rus/Floen	4 000	8 000	3 000	3 000	3 000	3 000	3 000	3 000	3 000
Kjøp sjukepleieskolen	0	0	0	0	0	0	0	0	0
Desinfeksjonshall Sterilsentral	2 000	5 000	23 000	0	0	0	0	0	0
Rokering IKT-Undervisningsbygg	7 074	0	0	0	0	0	0	0	0
Ex-vivolab (Lab-bygget)	4 975	19 000	0	0	0	0	0	0	0
Biobank (underetasjene Sengebygg)	25 608	0	0	0	0	0	0	0	0
Mindre ombygging somatikk mm	13 474	15 000	15 000	15 000	20 000	20 000	20 000	20 000	20 000
Mindre ombygging psykiatri	1 174	2 000	3 000	3 000	4 000	4 000	4 000	4 000	4 000
Andre mindre bygginvesteringar	9 600	25 000	10 000	0	0	0	0	0	0
<b>SUM Bygg</b>	<b>532 434</b>	<b>550 000</b>	<b>874 000</b>	<b>777 000</b>	<b>764 000</b>	<b>632 000</b>	<b>525 000</b>	<b>191 000</b>	<b>231 000</b>
<b>MTU</b>									
Sum MTU	155 000	165 000	130 000	130 000	150 000	150 000	150 000	150 000	150 000
<b>SUM MTU</b>	<b>155 000</b>	<b>165 000</b>	<b>130 000</b>	<b>130 000</b>	<b>150 000</b>	<b>150 000</b>	<b>150 000</b>	<b>150 000</b>	<b>150 000</b>
<b>Anna</b>									
Ambulansar									
Teknisk anlegg og infrastruktur									
Avdelingsvise mindre investeringar									
Seksjon for behandlingshjelpemiddel									
Diverse	103 000	104 000	105 000	108 000	108 000	108 000	108 000	108 000	108 000
<b>SUM anna</b>	<b>103 000</b>	<b>104 000</b>	<b>105 000</b>	<b>108 000</b>	<b>108 000</b>	<b>108 000</b>	<b>108 000</b>	<b>108 000</b>	<b>108 000</b>
<b>SUM investeringar</b>	<b>790 434</b>	<b>819 000</b>	<b>1 109 000</b>	<b>1 015 000</b>	<b>1 022 000</b>	<b>890 000</b>	<b>783 000</b>	<b>449 000</b>	<b>489 000</b>
<i>Avvik mellom investeringsplanar og finansielt grunnlag</i>	<i>-116 834</i>	<i>154 900</i>	<i>-59 100</i>	<i>38 900</i>	<i>-75 100</i>	<i>32 900</i>	<i>95 900</i>	<i>47 900</i>	<i>14 900</i>
<i>Akkumulert avvik investeringsplan og finansielt grunnlag</i>	<i>-116 834</i>	<i>38 066</i>	<i>-21 034</i>	<i>17 866</i>	<i>-57 234</i>	<i>-24 334</i>	<i>71 566</i>	<i>119 466</i>	<i>134 366</i>

Frå år 2024 er det årlige investeringsnivået lagt ned til eit nivå under kr 500 mill.

Helse Bergen har ein omfattande investeringsplan, og det er fleire store byggeprosjekt som går parallelt. Det største prosjektet er nytt barne- og ungdomssenter fase II. I tillegg er det fleire andre byggeprosjekt som er planlagt dei kommande åra.

Vidare er det behov for kontinuerleg utskifting og anskaffingar innafor MTU området samt gjennomføring av mange andre investeringar.

Som det går fram av tabellen ovanfor er det avvik mellom finansieringsgrunnlaget og planlagde investeringar i 2017. Dette er eit forhold som Helse Bergen må sjå nærmare på og tilpasse framdrifta på dei ulike prosjekta i tråd med tilgjengeleg likviditet i budsjettet for 2017. Det same gjeld nokon av åra seinare i planperioden. Samla sett synleggjer oversikta likevel at Helse Bergen har finansielt grunnlag til å gjennomføre investeringsplanen dersom ein klarer å innfri resultatkravet, samt at det blir gitt lån frå staten og internt lån frå Helse Vest i tråd med dei føresetnadane som her er trekt opp.

Ein framskriving av balansen til føretaket viser følgjande utvikling basert på dei føresetnadane som her er lagt til grunn (tal i heile mill. kroner):

Balansen	2016	2017	2018	2019	2020	2021	2022
Immatrielle eiendeler	0	0	0	0	0	0	0
Varige driftsmidler	8 944	9 184	9 473	10 046	10 537	11 033	11 374
finansielle annlegsmidler	1 102	1 102	1 102	1 102	1 102	1 102	1 102
Omløpsmidler	870	886	1 063	1 019	1 078	1 023	1 076
<b>Sum eiendeler</b>	<b>10 916</b>	<b>11 173</b>	<b>11 639</b>	<b>12 167</b>	<b>12 717</b>	<b>13 158</b>	<b>13 552</b>
Egenkapital	5 916	6 076	6 226	6 406	6 606	6 806	7 006
Avsetning og forpliktelser	647	647	647	647	647	647	647
Langsiktig gjeld	1 912	2 009	2 325	2 674	3 024	3 265	3 459
Kortsiktig gjeld	2 441	2 441	2 441	2 441	2 441	2 441	2 441
<b>Sum egenkapital og gjeld</b>	<b>10 916</b>	<b>11 173</b>	<b>11 639</b>	<b>12 167</b>	<b>12 717</b>	<b>13 158</b>	<b>13 552</b>
Nøkkeltall:							
Egenkapital%	54,2 %	54,4 %	53,5 %	52,6 %	51,9 %	51,7 %	51,7 %
Gjeldsgrad	0,85	0,84	0,87	0,90	0,93	0,93	0,93

Balansen	2023	2024	2025	2026	2027
Immatrielle eiendeler	0	0	0	0	0
Varige driftsmidler	11 601	11 400	11 232	11 063	10 894
finansielle annlegsmidler	1 102	1 102	1 102	1 102	1 102
Omløpsmidler	1 192	1 259	1 294	1 330	1 366
<b>Sum eiendeler</b>	<b>13 895</b>	<b>13 762</b>	<b>13 629</b>	<b>13 496</b>	<b>13 363</b>
Egenkapital	7 196	7 296	7 396	7 496	7 596
Avsetning og forpliktelser	647	647	647	647	647
Langsiktig gjeld	3 611	3 378	3 145	2 912	2 679
Kortsiktig gjeld	2 441	2 441	2 441	2 441	2 441
<b>Sum egenkapital og gjeld</b>	<b>13 895</b>	<b>13 762</b>	<b>13 629</b>	<b>13 496</b>	<b>13 363</b>
Nøkkeltall:					
Egenkapital%	51,8 %	53,0 %	54,3 %	55,5 %	56,8 %
Gjeldsgrad	0,93	0,89	0,84	0,80	0,76

Føretaket har allereie ei relativt høg gjeldsgrad som følgje av store investeringar dei siste åra, spesielt knytt til BUSP fase I og no fase II. Gjeldsbelastninga vil auke ytterlegare seinare i 10-års perioden som følgje av lånebehovet knytt til BUSP fase II samt renovering i hovudblokka. Samtidig vil føretaket i den same perioden betale relative høge avdrag på låna som er tatt opp tidlegare og som blir konverterte til langsiktig lån dei nærmaste åra. Dette inneber at gjeldsgraden når ein topp i 2020 til 2023 for deretter å redusere seg i slutten av 10-års perioden. Føretaket vil vere avhengig av at ein klarer å forbetre drifta for å handtere auka



kapitalkostnader dei kommande åra. Gitt desse føresetnadane vil føretaket klare å handtere gjelda knytt til investeringane på ein relativt god måte. Men det er samstundes viktig å understreke at det også her er risiko både i forhold til å oppnå resultatnivået og ta ut gevinstane, i tillegg til at utviklinga i rentenivå kan gje ei ekstra utfordring.

#### 4. Helse Førde

Helse Førde sitt finansielle grunnlag i langtidsbudsjettet kjem fram som følgjer:

##### Kontantstrøm til å dekke investeringar:

Beløp i heile tusen kroner	2017	2018	2019	2020	2021	2022
Resultat til styrking av finansieringsgrunnlaget	15 000	28 000	36 000	36 000	36 000	36 000
+ Avskrivning/nedskrivning	76 000	72 875	74 117	78 052	83 827	87 037
= Kontantstrøm fra driften	91 000	100 875	110 117	114 053	119 827	123 037
- Resultatavvik 2016	-2 351					
+ Nedskrivning 2016	0					
+ Opptak av nye lån	78 000	89 000	251 450	238 700	81 700	73 900
- Avdrag lån	-8 370	-11 370	-11 370	-11 370	-11 370	-11 370
- Tilførsel av likviditet til Helse Vest IKT	-7 979	-13 000	-4 000	-3 000	-3 000	0
+ Salg av anleggsmidler	0					
+ Gaver	0					
+/-Overføring av likviditet fra 2016	-22 577					
+/- annet		0	0	0	0	0
Finansieringsgrunnlag investeringar	127 724	165 505	346 198	338 383	187 157	185 568

##### Kontantstrøm til å dekke investeringar:

Beløp i heile tusen kroner	Utvidet LTB periode ved store investeringer				
	2023	2024	2025	2026	2027
Resultat til styrking av finansieringsgrunnlaget	36 000	36 000	36 000	36 000	36 000
+ Avskrivning/nedskrivning	91 704	95 911	101 236	112 091	121 694
= Kontantstrøm fra driften	127 704	131 911	137 236	148 090	157 693
- Resultatavvik 2016					
+ Nedskrivning 2016					
+ Opptak av nye lån	90 000	104 100	116 750	61 100	0
- Avdrag lån	-11 367	-8 362	-8 362	-8 362	-49 231
- Tilførsel av likviditet til Helse Vest IKT	0	0	0	0	0
+ Salg av anleggsmidler					
+ Gaver					
+/-Overføring av likviditet fra 2016					
+/- annet	0	0	0	0	0
Finansieringsgrunnlag investeringar	206 338	227 649	245 624	200 828	108 462

Føretaket hadde i 2016 eit resultat som var kr 2 mill. lågare enn budsjett. Dette reduserer det finansielle grunnlaget i 2017 tilsvarande.

Føretaket har tidlegare fått tildelt kr 60 mill. i internt lån. Føretaket har ikkje hatt behov for midla til no og har bedt om at dette lånet blir overført til 2017. Helse Førde har og fått tildelt lån frå staten til finansiering av arealplanen. Det er tildelt ei låneramme på kr 1,125 mrd. i 2017-kroner. For 2017 er det tildelt kr 18 mill.

Helse Førde sin samla investeringsplan er summert opp i følgjande tabell:

**Investeringar (må spesifiseras i eget ark):**

Beløp i heile tusen kroner	2017	2018	2019	2020	2021	2022
Bygg - tilgjengelig ramme	80 400	146 880	363 980	345 780	126 300	106 200
Medisinteknisk utstyr	23 000	23 000	24 000	24 000	23 000	24 000
Anna	10 300	11 700	11 700	11 700	11 700	11 700
<b>Sum investeringar</b>	<b>113 700</b>	<b>181 580</b>	<b>399 680</b>	<b>381 480</b>	<b>161 000</b>	<b>141 900</b>

*Avvik mellom investeringsplanar og finansielt grunnlag*

14 024	(16 075)	(53 482)	(43 097)	26 157	43 668
--------	----------	----------	----------	--------	--------

*Akkumulert avvik investeringsplan og finansielt grunnlag*

14 024	(2 051)	(55 534)	(98 631)	(72 473)	(28 806)
--------	---------	----------	----------	----------	----------

**Investeringar (må spesifiseras i eget ark):**

Beløp i heile tusen kroner	2023	2024	2025	2026	2027
Bygg - tilgjengelig ramme	123 200	143 300	167 400	94 100	15 600
Medisinteknisk utstyr	30 000	30 000	31 000	35 800	35 000
Anna	11 700	11 700	11 700	11 700	11 700
<b>Sum investeringar</b>	<b>164 900</b>	<b>185 000</b>	<b>210 100</b>	<b>141 600</b>	<b>62 300</b>

*Avvik mellom investeringsplanar og finansielt grunnlag*

41 438	42 649	35 524	59 228	46 162
--------	--------	--------	--------	--------

*Akkumulert avvik investeringsplan og finansielt grunnlag*

12 632	55 281	90 805	150 033	196 195
--------	--------	--------	---------	---------

Framdrifta i investeringsplanen er raskare enn det finansielle grunnlaget gir rom for. Dette er eit forhold som føretaket må avstemme i kommande rullering av langtidsbudsjett. Samla sett har likevel føretaket finansielt grunnlag til å gjennomføre investeringane dersom tildelinga av lån frå staten blir gitt i tråd med føresetnaden og at føretaket leverer på resultatkravet.

Ein framskriving av balansen til føretaket viser følgjande utvikling basert på dei føresetnadane som her er lagt til grunn (tal i heile mill. kroner):

Balansen	2016	2017	2018	2019	2020	2021	2022
Immatrielle eiendeler	0	0	0	0	0	0	0
Varige driftsmidler	1 284	1 322	1 430	1 756	2 059	2 136	2 191
finansielle anleggsmidler	276	276	276	276	276	276	276
Omløpsmidler	141	188	185	135	95	124	168
<b>Sum eiendeler</b>	<b>1 700</b>	<b>1 785</b>	<b>1 891</b>	<b>2 167</b>	<b>2 430</b>	<b>2 536</b>	<b>2 635</b>
Egenkapital	932	947	975	1 011	1 047	1 083	1 119
Avsetning og forpliktelser	72	72	72	72	72	72	72
Langsiktig gjeld	76	146	223	463	691	761	823
Kortsiktig gjeld	621	621	621	621	621	621	621
<b>Sum egenkapital og gjeld</b>	<b>1 700</b>	<b>1 785</b>	<b>1 891</b>	<b>2 167</b>	<b>2 430</b>	<b>2 536</b>	<b>2 635</b>
Nøkkeltall:							
Egenkapital%	54,8 %	53,0 %	51,6 %	46,6 %	43,1 %	42,7 %	42,5 %
Gjeldsgrad	0,83	0,89	0,94	1,14	1,32	1,34	1,36

Balansen	2023	2024	2025	2026	2027
Immatrielle eiendeler	0	0	0	0	0
Varige driftsmidler	2 264	2 354	2 462	2 492	2 433
finansielle anleggsmidler	276	276	276	276	276
Omløpsmidler	209	252	288	347	393
Sum eiendeler	2 750	2 881	3 026	3 114	3 101
Egenkapital	1 155	1 191	1 227	1 263	1 299
Avsetning og forpliktelser	72	72	72	72	72
Langsiktig gjeld	902	998	1 106	1 159	1 110
Kortsiktig gjeld	621	621	621	621	621
Sum egenkapital og gjeld	2 750	2 881	3 026	3 114	3 101
Nøkkeltall:					
Egenkapital%	42,0 %	41,3 %	40,5 %	40,5 %	41,9 %
Gjeldsgrad	1,38	1,42	1,47	1,47	1,39

Som følge av investeringsnivået og behovet for lånefinansiering, vil samla gjeldsgrad auke frå om lag 0,83 til 1,47. Gjeldgraden vil såleis vere høg og føretaket vil vere sårbar i forhold til framtidige rentesvingingar. Det vil derfor vere viktig at ein arbeider vidare med å finne muligheiter for å handtere risikoen generelt og renteutviklinga spesielt.

## 5. Sjukehusapoteka Vest (SAV)

Sjukehusapoteka sitt finansielle grunnlag i langtidsbudsjettet kjem fram som følgjer:

### Kontantstrøm til å dekke investeringar:

Beløp i heile tusen kroner	2017	2018	2019	2020	2021	2022
Resultat til styrking av finansieringsgrunnlaget	17 425	19 879	21 382	23 528	24 007	24 285
+ Avskrivning/nedskrivning	4 108	3 988	4 334	4 191	3 719	3 226
= Kontantstrøm fra driften	21 533	23 867	25 716	27 719	27 726	27 511
- Resultatavik 2016						
+ Nedskrivning 2016						
+ Opptak av nye lån						
- Avdrag lån		-352	-352	-352	-352	-352
- Tilførsel av likviditet til Helse Vest IKT						
+ Salg av anleggsmidler						
+ Gaver						
+/-Overføring av likviditet fra 2015						
+/- annet		0	0	0	0	0
Finansieringsgrunnlag investeringar	21 533	23 515	25 364	27 367	27 374	27 159

Føretaket sitt finansielle grunnlag er i hovudsak knytt til resultat pluss avskrivningar.

Den samla investeringsplanen til SAV er som følgjer:

### Investeringar:

Beløp i heile tusen kroner	2017	2018	2019	2020	2021	2022
Bygg - tilgjengelig ramme	345	800	250	100	100	0
Medisinteknisk utstyr	0	4 500	1 500	1 000	1 000	16 810
Anna	0	0	0	0	0	15 840
Sum investeringar	345	5 300	1 750	1 100	1 100	32 650
Avvik mellom investeringsplanar og finansielt grunnlag	21 188	18 215	23 614	26 267	26 274	(5 491)
Akkumulert avvik investeringsplan og finansielt grunnlag	21 188	39 403	63 017	89 284	115 558	110 067

Som det går fram av tabellen ovanfor vil Sjukehusapoteka ha eit finansielt grunnlag til å gjennomføre dei planlagde investeringane.

## 6. Helse Vest IKT

Helse Vest IKT sitt finansielle grunnlag i langtidsbudsjettet kjem fram som følgjer:

### Kontantstrøm til å dekke investeringar:

Beløp i heile tusen kroner	2017	2018	2019	2020	2021	2022
Resultat til styrking av finansieringsgrunnlaget	1 000	1 000	1 000	1 000	1 000	1 000
+ Avskrivning/nedskrivning	234 119	233 028	255 304	267 308	261 214	289 222
= Kontantstrøm fra driften	235 119	234 028	256 304	268 308	262 214	290 222
- Resultatavik 2016	838					
+ Nedskrivning 2016						
+ Opptak av nye lån	31 768	52 670	6 070			
- Avdrag lån	-3 000	-3 000	-3 500	-4 000	-4 500	-5 000
- Tilførsel av likviditet til Helse Vest IKT	68 232	47 330	23 930	27 930	25 470	20 000
+ Salg av anleggsmidler						
+ Gaver						
+/-Overføring av likviditet fra 2015						
+/- annet		0	0	0	0	0
Finansieringsgrunnlag investeringar	332 957	331 028	282 804	292 238	283 184	305 222

Det finansielle grunnlaget i Helse Vest IKT er i hovudsak knytt til avskrivningar samt likviditetstilførsel frå helseføretaka/Helse Vest RHF. Investeringsplanen er høgare enn likviditetstilførselen frå helseføretake skulle tilseie. Den manglande likviditetstilførselen er derfor lagt inn som eit internt lån frå RHF-et. Dette er eit forhold som må avklarast nærmare i samband med dei rullering av årleg investeringsplan. Som følge at eit relativt høgt investeringsnivå vil årlege avskrivningar auke ut over i perioden. Desse avskrivningane blir dekte gjennom at Helse Vest IKT fakturerer helseføretaka. Samtidig med at avskrivningane aukar blir behovet for ekstra tilførsel av likviditet frå helseføretaka redusert utover i perioden.

Helse Vest IKT har med bakgrunn i erfaringar frå porteføljestyringa og faktisk realisert investering dei siste åra, lagt til grunn følgjande investeringsnivå innafor IKT i perioden:

### Investeringar:

Beløp i heile tusen kroner	2017	2018	2019	2020	2021	2022
Bygg - tilgjengelig ramme	0	0	0	0	0	0
Medisinteknisk utstyr	0	0	0	0	0	0
IKT	335 000	339 000	285 000	285 000	285 000	285 000
Anna	0	0	0	0	0	0
Sum investeringar	335 000	339 000	285 000	285 000	285 000	285 000
Avvik mellom investeringsplanar og finansielt grunnlag	(2 043)	(7 972)	(2 196)	7 238	(1 816)	20 222
Akkumulert avvik investeringsplan og finansielt grunnlag	(2 043)	(10 015)	(12 211)	(4 973)	(6 789)	13 433

Helse Vest IKT har i sitt vedtekne langtidsbudsjett auka opp det årlege investeringsnivået til nærmare kr 335 til 340 mill. i åra 2017 til 2018 og deretter kr 285 mill.

Dette er eit høgt nivå og det må gjerast ei vurdering på om det er økonomisk grunnlag i helseføretaka til å bere kostnaden. Samtidig er det viktig at det blir arbeidd med å ta ut tilstrekkeleg med gevinst av desse prosjekta. Administrerande direktør vil og understreke at

investering i ikt og teknologi, truleg er avgjerande for å møte dei store utfordringar framover, utan å måtte be om vesentleg meir pengar frå staten.

Parallelt med dette er det og høg investeringsaktivitet i helseføretaka, og det er eit spørsmål om kor mange prosjekt ein klarer å handtere og samtidig ha kontroll på kostnader og gevinstar. Dette er eit forhold som bør jobbast vidare med og det bør gjerast nødvendige prioriteringar i investeringsporteføljen fram mot budsjett for 2018 samt rullering av neste års langtidsbudsjett med tanke på å halde investeringsnivået på et mest mogleg nøkternt nivå utan at dette går ut over den teknologiske utviklinga.

Det er elles viktig at HV IKT og helseføretaka held god dialog i forbindelse med budsjettarbeidet og rullering av langtidsbudsjett, slik at dei får samstemt dei interne forholda i regionen.

## 7. Helse Vest RHF

Det blir i utgangspunktet ikkje gjennomført investeringar i RHF-et. Samstundes blir det gjennom handteringa av reserven og positive resultat, generert likviditet i RHF-et som kan bli styrt inn mot prioriterte satsingsområde.

Fleire av helseføretaka har i sine langtidsbudsjett føresett at det blir gitt internt lån frå Helse Vest. Helse Vest RHF har i langtidsbudsjettet lagt opp til eit resultat i balanse. Samtidig blir det lagt opp til å re-etablere reserven som i sin tur vil kunne gje overskot dersom det ikkje oppstår uventa forhold. Tildeling av interne lån kan uansett ikkje gjerast før resultatet er kjend.

I langtidsbudsjettet har ein av tekniske årsaker lagt inn dei interne låna som helseføretaka har føresett slik at det blir samsvar i føresetnaden til helseføretaka og RHF-et sitt langtidsbudsjett. Dette inneber at det finansielle grunnlaget i RHF-et blir negativt ut over i perioden. Helseføretaka må derfor gjere tilpassingar i sine investeringsbudsjett der ein tar omsyn til at interne lån ikkje kan tildelast før resultatet i RHF-et er kjend. Det er ikkje realistisk å forvente så store positive avvik i forhold til budsjett som ein har sett så langt i RHF-et. Dette fordi at det er venta strammare rammer frå staten i dei kommande åra, og at marginane på budsjettpostane har blitt vesentleg lågare enn dei var tidlegare.

I tabellen under er det vist korleis det finansielle grunnlaget er for Helse Vest RHF:

**Kontantstrøm til å dekke investeringar:**

Beløp i heile tusen kroner	2017	2018	2019	2020	2021	2022
Resultat til styrking av finansieringsgrunnlaget	0	0	0	0	0	0
+ Avskrivning/nedskrivning	6 461	6 461	6 461	6 461	6 461	6 461
= Kontantstrøm fra driften	6 461	6 461	6 461	6 461	6 461	6 461
- Resultatavik 2016	444 846					
+ Opptak av nye lån	-170 768	-59 670	-46 070	-290 000	-290 000	
+/- Overføring av likviditet fra 2016	135 000					
+/- annet		0	0	0	0	0
Finansieringsgrunnlag investeringar	415 539	-53 209	-39 609	-283 539	-283 539	6 461

*Avvik mellom investeringsplanar og  
finansielt grunnlag*

415 539	(53 209)	(39 609)	(283 539)	(283 539)	6 461
---------	----------	----------	-----------	-----------	-------

*Akkumulert avvik investeringsplan og  
finansielt grunnlag*

415 539	362 330	322 721	39 182	(244 357)	(237 896)
---------	---------	---------	--------	-----------	-----------

**Kontantstrøm til å dekke investeringar:**
**Utvidet LTB periode ved store investeringer**

Beløp i heile tusen kroner	2023	2024	2025	2026	2027
Resultat til styrking av finansieringsgrunnlaget	0	0	0	0	0
+ Avskrivning/nedskrivning	6 461	6 461	6 461	6 461	6 461
= Kontantstrøm fra driften	6 461	6 461	6 461	6 461	6 461
- Resultatavik 2016					
+ Opptak av nye lån					
+/- Overføring av likviditet fra 2016					
+/- annet	0	0	0	0	0
Finansieringsgrunnlag investeringar	6 461	6 461	6 461	6 461	6 461

*Avvik mellom investeringsplanar og  
finansielt grunnlag*

6 461	6 461	6 461	6 461	6 461
-------	-------	-------	-------	-------

*Akkumulert avvik investeringsplan og  
finansielt grunnlag*

(231 435)	(224 974)	(218 513)	(212 052)	(205 591)
-----------	-----------	-----------	-----------	-----------

Under linja «opptak av nye lån» er det i 2017 lagt inn internt lån til Helse Stavanger, Helse Førde, Helse Bergen samt likviditetslån til Helse Vest IKT. Det ligg tilsvarende beløp med motsett fortegn i dei respektive helseføretaka sine budsjett for kontantstrøm og summen av interne lån går derfor i null for regionen totalt. Seinare i perioden er det lagt inn lån til Helse Stavanger på kr 500 mill., Helse Bergen kr 131 mill. samt Helse Vest IKT kr 59 mill.

Overført likviditet frå 2016 gjeld tidlegare tildelte lån til Helse Stavanger (kr 75 mill.) og Helse Førde (kr 60 mill.) som ikkje er utbetalt men forventa utbetalt i 2017, jfr. kommentar i førre avsnitt.